

Alversund 180815.

Fra Arne Færøy og Gunnbjørg Systaddal,

Mangerbua 20,

5911 Alversund

Merknader til reguleringsendring Mangerbua 2, plan ID 1263-200817.

Då vi inngjekk avtale om bygging av tomten vår i Mangerbua 20, var feltet godkjent under forutsetning av at området frå feltet til sjøen skulle vere friområde.

Vi valgte tomt i fremste rekkje sjølv om det begrensa oss i val av hustype og tung opparbeiding av tomt. Vi ønskte og ønskjer litt «luft» mellom tomtane, og ha ei side av tomten fri.

Vi stola på at dette var dokument frå kommunen vi kunne stole på. Reglen om at det ikkje skal byggjast i strandsona støtta dette.

Etter ein del år ville grunneigarar byggje ut feltet mot sjøen.(i mykje mindre målestokk enn det som er planar om no). Dette blei avvist.

Så selde grunneigarane området til eit firma som driv med utbygging, og planane kjem opp til behandling på nytt. Dei blir no godkjende til tross for protestar spesielt frå huseigarane i nedre del av Mangerbua.

Desse husstandane har sjølvstgått fått sin eigedom vesentleg for-ringa både med hensyn til utsikt og innsyn, og ikkje minst trafikk i eit kryss som på ingen måte er trafiksikkert.

No ønskjer utbyggjar å fortette utbygginga i ein del av området med blokker i staden for opprinneleg plan som var 2 tomannsbustader. Det går ikkje klårt fram av kartet/ skissa om det er plan om 6 eller 4 etg. (Skissa viser to ulike høgder).

Heile Alvermarka bustadområde inkl Ikenberget 1 og 2 er stort sett einebustader, unnateke bueiningane bakerst i Ikenberget2 heilt i sør.

Både utsjåandemessig frå sjø, og ikkje minst for oss som ligg bak dette området fører det til ei stor forringing av eigedommane. Utsikt og omgjevnadaer er eit viktig moment i alle salsprospekt.

Trafikkmessig er det også heilt utforsvarleg å fortette området. Krysset mellom Mangerbua 1 og 2 er uoversiktleg, og det er berre eit tidsspørsmål før der skjer ein kollisjon. Med auka trafikk aukar også den faren.

Vi ber på det sterkaste om planen om fortetting blir avvist.

Kommunen har også eit ansvar å i vareta innbyggjarane sine ønskje i ei slik sak ,og ikkje berre utbyggjarane sine ønskje om større inntening på prosjektet.

Det er ikkje mangel på byggjeland i Lindås kommune. Berre for å nemne nærområdet i Alversund, så ser ein både når ein fer sjøvegen og landevegen utover Kvamme, Kvamsvåg, Fosse store område med uslått mark. Kvifor ikkje byggje ut dei områda, utan å presse mest mogeleg inn på eit lite område. Det må vere forskjell på by og land.

I planane skriv de framleis om kyststi i området, kor skal den gå når tomtane er planlagt så nær sjøen som det no, og nokon endåtil har fått tillating til å byggje privat anlegg heilt i fjøresteinane?